



Uskedal Eigedom ynskjer å byggja ut Stølen Seniortun i 2 byggjesteg og leggja stor vekt på å skapa eit sosialt fellesskap.

I byggjesteg 2 tenkjer dei seg eit fellesareal med stort forsamlingsrom, toalett og gjesterom og felles uteområde med hage og sosial møteplass.

Byggjesteget kan også utførast som bufellesskap med plass for personale.

Utbyggjarane Johannes Hjørnevåg og Trond Myklebust legg naturleg nok stor vekt på at Stølen ligg så sentralt i Uskedalen. Dei viser til at området er midt i sentrum med korte avstandar til transport, post og butikk og at det også er kort veg til personalbasen med heimetenester.

Prosjektet skal tilretteleggjast for livsløpsstandard med Smarthus teknologi og få låge vedlikehalds- og driftskostnader.

Over er ei skisse som viser korleis prosjektet er tenkt plassert på den 4 mål store og flate tomta.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Teikning: Uskedal Eigedom